



Jnr. 1180.15
GJG/rr

Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

REGIONAL TRANSPORTPLAN HORDALAND 2018-2029 – HØYRING PLANPROGRAM

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har i møte 30. oktober drøfta framlegg til Planprogram for Regional Transportplan for Hordaland.

Samarbeidsrådet meiner at det er gjort eit godt arbeid i utarbeiding av planprogrammet og at dei temaområde det vert lagt opp til i planprogrammet er omfattande, men nødvendige for å få utvikla transportsystemet i Hordaland.

Samarbeidsrådet støttar og opp om dei utgreiingsbehova som det vert lagt opp til i planprogrammet.

Samarbeidsrådet vil presisera følgjande:

- Det er viktig at det i Handlingsprogrammet vert lagt opp til ein fordelingsmodell til fordeling av midlar mellom overordna og øvrig vegnett.
- Det bør i planprogrammet koma tydelegare fram behov for fornying og opprusting av ferjekaiar.
- Kartlegging og vurdering av bruk av finansieringspotensialet i den framtidige ordninga med ferjeavløysingsmidlar bør vurderast som eit eige prosjekt og prioriterast fram.
- Det er avgjerande med ei sterk involvering frå regionane i arbeidet med Regional Transportplan.

Lukka til med arbeidet!

Sunnhordland, 4. november 2015

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift